

Etterlyser satsing på Sørstranda

I kommunen sin bustad-analyse blir det konkludert med at det ikkje er behov for fleire bustad-tomter på Sørstranda. Det er ikkje styret i Runnevang heilt einig i. Dei ønskjer at det også skal satsast på bygda deira.

FT: Inger H. Aske Lothe

Styret i Runnevang er blitt oppmoda om å koordinere eit arbeid med å få fram innspel frå Sørstranda til arealdelen i kommuneplanen.

Ønske om eigen verkstad

– Dette har vi gjort ved å invitere representantar for dei seks grunneigarlagane til eit møte. Kommunestyremedlemmer og tilfeldig valde yngre innbyggjarar i bygda vart også inviterte, opplyser styret.

Gloppen kommune har lagt til rette for medverknad i planprosessen gjennom tre planverkstader skipa til i Breim, Hyen og Sandane.

– Som representantar for Sørstranda får vi ta ansvar for at vi ikkje sende inn framlegg om å endre dette. Vi meiner det skulle ha vore ein eigen verkstad for bygdene på kvar side av fjorden. Det ville gjeve lågare terskel for deltaking, samt sikra innspel frå oss i ein tidleg fase, skriv styret i Runnevang, som består av Marit Larssen, Sølvi Holme Sælen, Ragnhild Rygg, Randi Arnestad, Wenche P. Thomas, Eirik Alf Rygg og Oddmar Drage.

– Må peike ut trasé

Med berre eitt medverknads-møte kring Gloppefjorden mei-



Styret i Runnevang meiner kommunen gjennom arealplanen må vise at Sørstranda også er eit vekstområde.

ner styret at dette stiller større krav til dei plandokumenta som blir sende ut på høyring. Dei etterlyser betre kart over bygda dei bur i. Det ville ha heva kvaliteten på arbeidet deira. Planomtalen omtalar heller ikkje Sørstranda.

– Informasjon om dei vurderingane som kommunen har lagt til grunn for sine val kva gjeld bygda vår, må vi dels hente ut av vedlegg, dels fins han ikkje, skriv dei, og kjem med fleire døme som underbyggjer dette.

Mellom anna etterspør dei kva kommunen har tenkt når det gjeld infrastruktur på Sørstranda.

– Det skal satsast på sykkel. Då ventar vi at kommunen pei-

kar ut moglege traséar som blir innarbeidde i plankartet, held dei fram.

20 bustader på ti år

Både Bukta og Nordstranda blir omtala som vekstområde med trong for nytt bustadareal. Samtidig blir det vist til at Sørstranda og Hestenesøyra ikkje har trong for fleire bustadtomter i komande planperiode.

– På Sørstranda er det ifølgje bustadanalysen oppført 14 nye einebustader og 6 konsentrerte bustader i perioden 2008-2018, til saman 20. Dette er fleire enn i Bukta (14), og tilnærma like mange som på Nordstranda (21), påpeikar styret.

At Sørstranda har 20 ledige tomter, er ikkje styret vidare samd i. I det kommunale bustadfeltet på Sande er det fire ledige tomter att som ikkje er etterspurde. Bygda har tidlegare føreslått at desse fire tomte- ne blir gjort om til friområde eller LNF og føreslår det same no. Her kan ein difor trekkje frå fire tomter.

Ti tomter og bueiningar

Når det gjeld Leitingshaugen, blir éi tomt vurdert som attraktiv og kurant. To tomter er reservert eigarane, medan to tomter er vurdert som vanskelege å selje. Her trekkjer styret frå to tomter.

På Lagunen er det rekna

fem bueiningar, medan det i tidlegare Rygg skule er rekna seks.

– Lagunen er grei, men Rygg skule er lagt frå klar, skriv styret, og trekkjer også frå desse seks bueiningane.

Det ligg inne to tomter til spreidd busetting i LNF-området på Øvre Rygg.

– Sum tilgjengelege tomter og bueiningar i bygda blir då ti, det vil seie tre på Leitingshaugen, fem på Ryggjaøyra og to i LNF. Blir dette vurdert som tilstrekkeleg i komande planperiode når ein ser tal bueiningar som vart oppført i førre periode, spør styret.

Kjem med fleire innspel

Styret i Runnevang kjem med fleire konkrete innspel til arealplanen.

Bustadfelt: Det blir lagt ut areal til eit mindre bustadfelt på eigedom 15/9.

Naust: Det blir lagt ut areal til 2 stk naust-tomter på eigedom 15/9.

Hyttefelt: 1. Gimmestad/Moen hyttefelt blir tatt inn att i planen. 2. Arnestad hyttefelt blir tatt inn i planen. 3. Sande hyttefelt blir tatt inn i planen.

Næringsareal: 1. Sande industriområde med settefiskanlegg og tømmerkai må inn i planen. Dette inkluderer ny gangbru over Ryggelva og gangveg frå Rygg barnehage til Sande. 2. Rygg skule blir vidareført som

næringsareal, eventuelt med skravering som kombinasjon næring/fritidsbustad.

Infrastruktur: 1. FV 615 frå Sandane til Sandneset blir tatt inn i planen. Det blir sett av areal til justeringar av traséen for 615 gjennom Sørstranda for å fjerne/reduere uoversiktlege vegstrekningar og betre siktlinja for fleire av avkøyringane frå veggen. 2. Det blir sett av areal til ny parkeringsplass på sjøsida av FV615 tilknytt aktivitetsområdet på Ryggøyra. 3. Det blir sett av areal til parkeringsplass på Sandneset og framfor naustrekka ved småbåthamna. Mellom hamna og Sandneset blir det sett av areal til gangveg mellom FV615 og fjæra. 4. Det blir sett av areal til sykkeltrasé frå krysset FV615/FV5732 og til Storebrua.



Styret i Runnevang kjem med innspel om å leggje ut eit mindre bustadfelt på Sande.